

Svar til Øystein Blom (H)

Eg vil først seie at eg er samd i at det er viktig med rette, og tidlege, tiltak, også for brukargruppa heimebuande eldre. Dette er viktig både når det gjeld kostnadane til kommunen, men ikkje minst så gjeld det livskvaliteten til dei eldre.

Mange kommunar har satsa sterkare på omsorgsteknologi enn det Meland kommune hittil har gjort, og eg tenkjer at dette er ein riktig veg å gå. Dette vart og tatt opp av samarbeidspartia i handsaminga av budsjettet for 2016. Mellom anna har kommunen søkt og fått midlar til å kunne frikjøpe ein sjukepleiar i nærare halv stilling som jobbar med dette feltet. Og det er gjerne viktig at vi prioriterer ei vidare satsing på dette feltet i økonomiplanen som vi skal drøfte seinare i kveld, og i budsjettprosessen vidare utover hausten.

Det er og viktig at vi får ei auka sating på feltet kvardagsrehabilitering, eit felt som i høg grad vektlegg førebyggjande arbeid. Brukarane sine egne erfaringar er utgangspunktet, og målet er å skape godt liv og gode tenester. Effekten er godt dokumentert i andre kommunar, resultatane er betre helse og redusert tal på vedtakstimar for dei heimebuande eldre.

Eg deler synet om at det er viktig å ha god oversikt over kva tiltak dei heimebuande eldre har trong for, på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Eg tenkjer at ein måte å løfte denne saka på er at fagutvalet, ULK, får ein orientering av administrasjonen om korleis dei arbeider med dette. Med den kunnskapen kan utvalet, i samarbeid med administrasjonen, foreslå dei rette tiltaka for å betre kunne leggje til rette for at dei eldre skal få det best mogleg i sin eigen heim.

Frekhaug, 21.9.2016

Øyvind H Oddekalv  
ordførar